

Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4215 - 21/33363

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
18.05.2021

## Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 351/13 Landsvik

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr 351/13

Tiltakshavar: Øyvind Landsvik  
Ansvarleg sækjar: Jens H.N. Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.04.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet ligg innanfor byggeforbodsgrense mot sjø. Det må sækjast om dispensasjon frå pbl.§1-8.
2. Det må klargjerast om arealet skal vera tilleggsareal til gbnr 351/78. Om dette er tilfellet må det sækjast om dispensasjon frå føresegnene til kommunedelplan for Meland der det er sett ein maksimal storleik på tomtar til fritidsbustad på 1 ,5 dekar. Gbnr 351/78 er i matrikkelen ført opp med ein storleik på 2195m<sup>2</sup>. Tomta vert då for stor til at løyve til frådelling av tilleggsareal kan gjevast. Det må eventuelt sækjast om dispensasjon frå kravet om storleik på tomt for fritidsbustad jf. Punkt 1 .6.1 4 i kommunedelplan for Meland. Søknad om dispensasjon skal vera grunngjeven. Informasjon om søknad om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
3. Dersom arealet er tenkt å vera ein sjølvstendig tomt må spørsmål kring vatn og kloakk og vegrett avklarast. Vegrett må vera sikra med erklæring om vegrett som er eller kan tinglysast. Det må også sækjast Vestland fylkeskommunen om utvida bruk av avkøyrsla. Dette må vera på plass før saka kan handsamast.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 20.06.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG